

Innspel om stortingsmelding om villrein, 1. okt 2023

Klima- og miljødepartementet

Hardangerviddarådet, ved nestleiar Anders Vatile, ordfører, Eidfjord kommune

Takk for høvet til å gi innspel til arbeidet med ny villreinpolitikk

Hardangerviddarådet er samansett av politiske representantar frå åtte kommunar og tre fylkeskommunar. Leiaren av Villreinnemnda og representantar frå dei tre statsforvaltarane er og med i Hardangerviddarådet. Rådet er etablert for å følgja opp Regional plan for Hardangervidda med handlingsprogram. Dei tre fylkeskommunane Vestland, Viken og Vestfold og Telemark samarbeider om sekretariatsfunksjonen.

Me set pris på at KLD og Miljødirektoratet iverksett arbeidet med tiltaksplanar og stortingsmelding som ei oppfølging av kvalitetsnorma for villrein. På Hardangervidda har me gjennom handlingsprogrammet vårt allereie fleire pågåande tiltak, og me vil framleis bidra til ein god prosess og ein god tiltaksplan og stortingsmelding.

Me har tidlegare spelt inn fira hovudutfordringar

1. **Fragmentert forvaltning**
2. **Sjukdomsbiletet til villreinen**
3. **Fragmentering av leveområda for villreinen**
4. **Oppfølging av tiltak**

Me oppfattar at det me skal koma med innspel på no er dei fem område de peikar på behov for ny politikk innan

1. Bestandsforvaltning
2. Dyrehelse
3. Arealforvaltning
4. Restaurering
5. Ferdssel

1: Bestandsforvaltning: Me opprettheld utfordringsbiletet med bestandsforvaltning gjennom arealforvaltning og vårt tidlegare innspel på å styrka legitimiteten til regionale planar og regional forvaltning gjennom desse. Me meiner det kan bidra til naudsynt lokal forvaltning, samstundes som det sikrar at nasjonale føringar vert ivareteke. Legitimiteten til dei regionale planane i villreinfeltet må styrkast.

2: Dyrehelse: Det vert avgjerande for vidare handsaming av sjukdomsbiletet at alle tiltak må ha god oppslutning, og at dei resultatane av tiltaka dokumenterer tydeleg betring i sjukdomsbiletet. Notatet me melder på no peikar på viktige område, men me stiller oss spørsmål om me har tilstrekkeleg kunnskap om sjukdomsbilete på klassisk skrantesjuka på norsk villrein.

Det kan vera fordelaktig å ta stilling til kor detaljert ein skal styra samansetjinga i ein bestand som skal vera vill og i utgangspunktet minst mogleg påverka av oss.

Dersom det kjem ny politikk innan dyrehelse som påverkar tradisjonell landbruksverksemd, må det grundig utgreiast kva konsekvensar dette har for denne næringa.

3: Arealforvaltning: Det er svært mange brukarintersser i villrein fjellet. Med utgangspunkt i Hardangervidda vil eg referera til føremålsparagrafen. «Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del av eit særleg verdfullt høg fjellsområde på ein slik måte at landskapet med **planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet** elles vert bevart, **samstundes** som området skal kunne nyttast for **landbruk, naturvenleg friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske og undervisning og forskning.**»

Me registrerer at det under arealforvaltning vert fokusert på utbygging **skal avgrensast** i høve til dagens forvaltning. I tredje siste avsnitt tek ein inn planane **bør bidra** til at leveområda bevarast og ei utvikling som betrast.

Me vil spela inn at ein må auka fokuset på å planleggja ferdsel i samband med arealforvaltning. Eksempelvis styra ferdsel innan for utbyggingsområde i regionale planar. Eit anna eksempel er nye planar for sti- og løypenett. Lokal tradisjonell bruk må i størst mogleg grad skjermast, då det er dette som er grunnlaget for verneverdiane.

4: Restaurering: Me er svært glade for at dette punktet og at ein for fokus på dette. Me vil på dette punktet peika på at ny politikk og må sjå på finansieringskjeldene for restaureringstiltak. Me har tidlegare peikt på at Riksveg 7 deler det naturlege leveområdet for Hardangervidda-reinen, og at E 134 er ein barriere for utveksling mellom ulike leveområde for villrein. Me meiner at finansiering av tiltak på store samferdselsinngrep må hentast frå andre stadar enn tradisjonell samferdselsfinansiering.

Me vil og peika på at dersom det er behov for å gjera noko med rutenettet og turisthytter så må ein syte for andre finansieringskjelder enn tippemidlar som i dag er den viktigaste.

5: Ferdsel: Hardangerviddarådet støttar i hovudsak det som er beskrive under Ferdsel i notatet. Me har tidlegare peikt på at ny teknologi for å informera, tilrettelegging for styrt ferdsel og dynamisk styring av restriksjonar i samband kor dyra faktisk er kan vera gode tiltak.

Det må klargjerast kva lags verkemidlar forvaltninga har til å styre ferdsel utanfor nasjonalpark. Til dømes har me eit sykkelforbode i nasjonalparken, men det er opna for sykling på godkjende sleper. Me er bekymra for den utviklinga som skjer for kiting og packcraft, der aktivitet også utanfor nasjonalparken er forstyrrende på villreinen. Eit generelt forbod mot padling og kiting på line med slik det er for sykling, egne kor det opnast for aktivitet i visse sonar, er det utfordrande å gjere lokalt og regionalt, da verkemiddelet tilhøyrar Miljødirektoratet i Naturmangfaldlova.

Me takkar for moglegheita til å komme med innspel, og er det spørsmål om våre innspel, kan vår sekretær, Lise-Berith Lian, liseberitl@viken.no, i Viken fylkeskommune, ta i mot desse.